# REFERAT - LSU - VOLDA



**Innkalling og saksliste Lokalt samarbeidsutval (LSU) Volda sjukehusområde møte nr. 1/2024 – Fredag 16. februar 2024 – Bygdastova Myrvåg omsorgssenter**

| Organisasjon | Navn og stilling | Funksjon | Møtt |
|---|---|---|---|
| Helse M&R | Siv Jensen<br>Rådgivar Klinikk Volda sjukehus | Nestleiar | X |
| Helse M&R | Palma Hånes<br>Klinikksjef Klinikk Volda sjukehus<br>Øyvind Nytun<br>Konst. Klinikksjef frå 15.mars | Representant | X<br><br>X |
| Helse M&R | Janne Håskjold<br>Seksjonsleiar, Klinikk for kreft og rehab. | Representant | |
| Helse M&R | Kari Standal<br>Seksjonsleiar, Klinikk for psykisk helse og rus | Representant | |
| Helse M&R | Solrun Brenk Rønning<br>Seksjonsleiar DPS Ambulant team | Representant | X |
| Hareid kommune | Ottar Røyset<br>Kommunalsjef | Leiar | X |
| Herøy kommune | Gro-Anette Frøystad Voldsund<br>Kommunalsjef | Representant | X |
| Sande kommune | Jørn Velle Moldskred<br>Helse- og omsorgssjef | Representant | |
| Ulstein kommune | Kristin Vik<br>Kommunalsjef | Representant | X |
| Vanylven kommune | Cecilie L. Oppedal<br>Kommuneoverlege | Representant | |
| Volda kommune | Svein Berg-Rusten<br>Kommunalsjef | Representant | X |
| Ørsta kommune | Audhild Mork<br>Kommunalsjef | Representant | |
| Fastlege/ Praksis-konsulentordninga | Håvard Ramsli, fastlege Herøy og Samhandlingslege (HMR) | Representant | X |
| Fastlege/ Praksis-konsulentordninga vara | Stian Endresen, fastlege Ulstein og Samhandlingslege (HMR) | Vararepr. | Etter 1300 |
| Brukarrepresentant kommune | Eilin Reinaas<br>Norges Handikapforbund (NHF) | Representant | |
| Brukarrepresentant HMR | Janne Remøy Endresen<br>SAFO/NFU | Representant | X |
| Brukarrepresentant kommune vara | *Ny vararepresentant under avklaring* | Vara-representant | |
| Brukarrepresentant HMR vara | *Ny vararepresentant under avklaring* | Vara-representant | |
| Sekretariat kommunar Søre Sunnmøre | Oddvar Marøy<br>Samhandlingskoordinator Søre Sunnmøre | Sekretariat | X |
| Sekretariat HMR | HMR | Sekretariat | |

| Utvalg | Lokalt samarbeidsutval Volda |
|---|---|
| **Møtenummer** | 1 / 2024 |
| **Dato og stad** | 16.02.2024 Myrvåg omsorgssenter – Bygdastova |
| **Tidspunkt** | 1000 – 1430 |
| **Møteleiar** | Ottar Røyset |
| **Referent** | Oddvar Marøy |

**REFERAT**

| Saksnr. | Emne | Saksbeh/ ansvarlig |
|---|---|---|
| 1/2024<br>*10.00* | **- Velkomen til møte i Lokalt samarbeidsutval Volda sjukehusområde.**<br>- Kort presentasjonsrunde<br>- Godkjenning av innkallinga<br>- Saker til eventuelt<br>Ingen saker meldt.<br>Siv overtek som møteleiar frå kl 1200 då Ottar<br><br>Meldt forfall: Kari Standal og Audhild Mork.<br>Øyvind Nupen, konst. Klinikksjef Volda sjukehus frå 15/3 vert ynskt velkomen.<br>Nokre kommunerepr. deltok ikkje på sak 6 og 7 grunna pålagt deltaking på teamsmøte for kommunane. | Ottar Røyset |
| 2/2024<br>*10.10* | **Godkjenning av referat frå møte nr. 5/2023 i LSU Volda sjukehusområde (17.11.2023 – Volda sjukehus)**<br>Referata kan lesast på nettsidene til Helsefellesskap/LSU Volda<br>**Vedtak:**<br>Referat godkjent | Ottar Røyset |
| 3/2024<br>10.15 | **Gjensidig informasjon frå helseføretak og kommune**<br>Sjå vedlagt PPP frå Volda sjukehus og Sjustjerna<br>- Info Volda sjukehus 20240216<br>- Info Sjustjerna 20240216 | Palma Hånes<br>Gro-Anette Voldsund |
| 4/2024<br>11.00 | **Orienteringar**<br>- Desentralisert utdanning for verne- og sjukepleiarar ved HiVolda. Styret ved høgskulen prioriterer utdanningstilbodet av det som vert løyvd utanfor ramma i 2025. Dersom KD ikkje løyver midlar kan det likevel vere aktuelt at HiVolda vel å løyve av eigne midlar for å etablere studietilbodet. Oppstart kan då verte utsett til 2026.<br>- Årsrapport LSU-Volda. Framlegg til årsrapport er tidlegare utsendt utan tilbakemelding om behov for endring. Det vert likevel foreslått no å ta med eit punkt om samarbeid om tilsetting av LIS1 til sjukehuset og kommunane som eit vellykka samarbeid.<br>**Vedtak :** LSU tek orienteringane til vitande og ber om at pkt om samarbeid om LIS1-tilsetting vert teke med i årsrapporten. | Ottar Røyset<br>Oddvar Marøy |

| | | |
|---|---|---|
| 5/2024<br>11.20 | **Avvik- forbedringsarbeid – plan for vidare arbeid**<br>Sjå vedlagt PPP. Volda kommune og sjukehuset skal komande veke ha gjennomgang av avvik som er meldt mellom partane. Det kan vere aktuelt å ha tilsvarande gjennomgang for alle sjustjernekommunane som ynskjer dette. Nyttig orientering om saksgangen for handsaming av samhandlingsavvik i sjukehuset. Forbetringspotensial ligg i at partane i tillegg til melding om avvik også har faste møter for gjennomgang og ser på aktuelle læringspunkt og val av konkrete forbetringstiltak.<br>Siv Jensen hadde og gjennomgang av plan for innføring av Helseplattformen og konsekvensar med omlegging av produksjon i innføringsperioden.<br>**Vedtak:** Volda kommune og sjukehuset legg fram erfaring frå dialogarbeid om samhandlingsavvik på neste LSU-møte med tanke på å avtale forpliktande dialogmøter om vidare forbetringsarbeid. | Siv Jensen |
| 12.15 | **LUNCH**<br>Takk til Palma Hånes, avtroppande klinikksjef ved Volda sjukehus, med gode ord frå sjustjerna. Blomehelsing vert ettersendt. | Siv Jensen |
| 6/2024<br>12.45 | **Digital heimeoppfølging - informasjon om prosjektet**<br>Prosjektet går ut 2024 og er då tenkt vidareført i ordinær drift. Utgidter til drift vert planlagt lagt til kommunane som del av drifta ved felles legevaktstasjon i Hovdebygda.<br>Har hatt ca 10 enklare kasus i prøveperioda, og har ei utfordring med å få rekruttert nye pasienter som kan vere aktuelle. Henvisning kan gjerast frå sjukehuset, men viktigaste samarbeidspart vert fastlegane. DHO-team ynskjer gjerne reise ut og informere på fastlegekontora.<br>Sjå PPP. | Karianne Orvik og Wenche Sekkeseter |
| 7/2024<br>13.15 | **Førebuing av utviding av tal LIS1-heimlar**<br>Kommunane i sjustjerna støtter framlegg til målsetting om dimmensjonering av LIS1-legestillingar slik at det vert minst like mage plassar i kommunane som ved sjukehuset. Pr.dato vil sjukehuset i Volda ha 10 LIS1-stillingar som frå 2025 treng plass i kommunane.<br>Sjå eigen PPP.<br>**Vedtak:**<br>1. Sjustjerna og Volda sjukehus skal saman delta i å utdanne legar som trengst på Søre Sunnmøre. Tilrettelegging gjeld og for LIS2/3 og etterutdanning av legespesialistane.<br>2. LIS1-tenesta skal som hovudregel kunne gjennomførast på Søre Sunnmøre ved at kommunane etablerer like mange stillingar fordelt på kommunane som tal stillingsheimlar ved Volda sjukehus. F.t vert tilsett  10 LIS1-stillingar pr. halvår.<br>3. Sjustjernekommunane skal samarbeide om etablering av stillingsheimlar i alle kommunane, ved at dei største kommunane har 2 stillingar kvar. | Stian Endresen |

| | | |
|---|---|---|
| 8/2024<br>13.45 | **Orientering frå DPS – drift etter omorganisering**<br>DPS Volda ambulant flytta til nye lokaler ved Hamna 20 i Volda.<br>DPS beheld likevel ei skrivestove i Myrvåg for å gjere arbeidsflyten enklare for tilsette som er busett på ytre.<br>DPS Volda er inndelt i 3 seksjonar<br>Akutt heimebehandling (AHT)<br>Assertive Community Treatment (ACT)<br>Ambulant Allmennteam (AAT)<br>Sjå eigen PPP. | Solrun Rønning |
| 9/2024<br>14.00 | **Innmelding sak(er) til helsefellesskapet / SSU**<br>LSU-Volda har p.t ikkje konkrete saker til SSU | Siv Jensen |
| 10/2024<br>14.15 –<br>14.30 | **Eventuelt**<br>Takk til Herøy for bevertning ved Myrvåg omsorgssenter.<br>Neste LSU møte vert **fredag 7. juni** ved Volda sjukehus | Siv Jensen |